

Driftsplan for Lindås Hjortevald 2021–2024

Lindås Hjortevald ynskjer å vidareføra tidlegare driftsplan valdet hadde saman med Lindås Kommune. Då Nordhordland Bestandsplanområde ikkje vart noko av, ynskjer Lindås Hjortevald avtale om ny 3-årigdriftsplan med Alver Kommune

Tidlegare planar har fungert greit når det gjeld samarbeid mellom Lindås Hjortevald og Lindås Kommune. Det same gjeld samarbeid mellom jaktfelta.

Arealet for valdet er etter siste innmelding om lag 43.800 da.

Valdet ynskjer ein avskytingsplan med 110 løyve pr. år. Dette med bakgrunn i tildeling av løyve for 2020, og då der er like mykje hjort som tidlegare. Det i 2020 vart felt 90 dyr.

Avskyting

Denne har vore ca. 80 %. Det er dei siste 2 åra tatt omsyn til meir uttak av ho-dyr, ungdyr og kalv samstundes som det vert prøvd å ta ut produksjonsdyr som gjer skade.

Tildeling av fellingsløyve vert der ingen endring på, tildeling vert etter areal.

Valdet prøver å halda seg etter anbefalt avskyting:

Kalv	> 30 %
Spissbukk	< 15 %
Kalv/ungdyr tot.	> 65 %
Vaksen bukk	< 15 %
Vksen tot.	< 35 %

Hjort som gjer skade:

-Valdet vil sjølv prøva å avgjera skadeomfang på eng og avling, og så tildela eventuelle løyve av kompensasjonsdyr på bakgrunn av dette.

-Dette har synt seg å fungera greit ut frå fordeling av felte dyr og innanfor tildelt kvote.

Kvotar:

-Valdet tildeler inntil 50 % av fellingsløyve til kvart jaktfelt som frie dyr. -

Dyr som er tildelt som retta avskyting til jaktfelta kan såleis verta endra som eit resultat av avskyting av frie dyr og kompensasjonsdyr.

Skrapdyr:

-Valdet går inn for at skrapdyr og fallvilt skal skytast. Dette er dyr som kjem i tillegg til kvoten.

Skrapdyr er gjerne små dyr. Kalv under 15 kg og ungdyr under 35 kg. Dyr som er små, men ellers i god stand vert ikkje rekna som skrapdyr.

Rosnes, 02.04.19.

Ottar Rosnes